

Referat frå FAU-møte 17.september 2018

Tilstades: Vidar Gjerstad 6.kl, Kristine Lunde 7.kl, Eli Sletten Solsvik 3.kl (vara), Kristin Tredal 3.kl, Charlotte Grøttveit 4.kl, Bodil Kaland 5.kl, Maria Ones 2.kl, Aina Sætre George 1.kl og rektor Monica Th. Waage.

Godkjenning av saksliste.

1/18-19: Konstituering av nytt FAU for skuleåret 2018/2019.: Leiar: Kristine Glatved-Prahl Lunde (7.kl), nestleiar: Bodil Kaland (4.kl), kasserar: Kristin Tredal (3.kl) , skrivar: Eli Sletten Solsvik (vara 3.kl, Vidar Gjerstad skriv om Eli ikkje kan stille), medlemmar: 1.klasse: Aina Sætre George, vara Thomas Lilletveit, 2.klasse: Mara Ones, vara Jostein Hauge, 4.klasse: vara Veslava Romanovski, 5.klasse: vara Hege Lie, 6.klasse: Vidar Gjerstad, vara Kenneth Refsdal, 7.klasse: vara Tore Gjerstad.

2/18-19: Oppsummering og evaluering av sommarfesten, juni 2018.: Positive tilbakemeldingar på mat og opplegg. Økonomisk gjekk vi i minus. Det vart uoversiktleg med loddsalet, mange barn som ville selje, mista oversikt over pengar og lodd. For lite lodd. Bør ha 10 loddbøker til neste gang, og ha meir kontroll over sjølve salet. Positivt med TL-leikane. Eit godt opplegg. Det var rikeleg med mat. Ein kan vurdere om FAU-medlemane ikkje treng ha med seg mat. Vi må ha ein plan B dersom veret er i mot oss. Diskuterer presenningtak mellom skulebygg og brakker, "party-telt".

3/18-19: Forslag til årshjul og møteplan for FAU sitt arbeid dette skuleåret: Ein tenkjer FAU-møter annankvar månad. Vi går gjennom årshjulet til FAU og legg inn planlagde dagar frå rektor, dette ligg ved referatet.

Kommentarar til årshjulet:

Ved tilstellingar av type julefest; det er uttrykt ønske om merka bord for allergivenleg mat. Julefesten vert sett til 5.12. klokka 1730.

I staden for foreldrestyrt dag, er det forslag frå rektor om fast ekstra planleggingsdag i september. Dette er FAU positiv til.

Rektor informerer om planlagt påskefrokost fredag før påskeferien, då kan dei i FAU som ønskjer og kan vera med og bidra.

På FAU-møte i januar lagar ein ei oversikt over rollefordeling og ansvarsfordeling for karnevalet.

Bingo: Vurdere om ein skal dele gruppene i 1.-3. og 4.-7. klasse, då det er mange barn i minste gruppa. Kristine har mange bingobrett, så ein treng ikkje kjøpe nye.

Type dugnad må diskuterast vidare; kakesal før jul, spleis og sal av toalettpapir vert diskutert. Ein ønskjer eit nytt leikestativ på uteområdet, og det vil vera FAU sitt hovudmål dette året. Charlotte undersøker og set seg inn i fenomenet spleis.

4/18-19: Orientering om ulike saker frå rektor.

Økonomi, kva er gjort med skulen i sommar og elevrådet ønskjer om fokus på å utbedra uteområdet det neste skuleåret. Kva kan vi i FAU bidra med her?

Økonomi: Styret set opp foreldrebetalinga frå 450kr på 10mnd, til 550kr på 11mnd. Søskenmoderasjon på 250kr på 3. barn. SFO vert fakturert 10mnd. Foreldrebetalinga dekkjer mat og frukt. Det har ikkje vore prisauke sidan skulestart. Prisen vert sett opp frå skuleåret 2019/20. FAU samtykker til dette.

Rektor informerer om fagarbeid og dugnadsarbeid som er gjort i sommar, og viser styret sin presentasjon av arbeidet som har blitt gjort.

Venneveke før haustferien og før påskeferien. Rektor ønskjer bidrag inn her frå FAU, for å vise at alle jobbar saman for demokratiet. Det kan vera at FAU-leiar kjem innom.

TL opplegget er eit nasjonalt program som skulen betalar for, og då må følgje. Det er reglar for kven og korleis TL-leiar vert vald. Rektor informerer i rektorhelsing, slik at alle har ei felles forståing om korleis TL-opplegget er oppbygd.

5/18-19: Bingokveld 23.10.

Føresette i 2. og 5.klasse har ansvar for arrangementet. Vi må sette dato og avklare arbeidsfordeling. Kristin Tredal kjøper inn bingospel.

Kristine Lunde lagar invitasjon. NB! 4.klasse skal vera med dei store.

Anna/info:

- Lydisolerande takplater i kantina er montert: Godt nøgd med resultatet. Det er stor skilnad på lydnivået i kantina. Resten av platene vert nytta der det er trong for stillerom.
- Lavvo og bålplass bak butikken; Det er klart til bruk. Er ikkje dyr som beitar der no, slik at det er noko gjengrodd. FAU ønskjer tilbakemelding ved bruk om det fungerer som ønska.
- Snakkar om elevane sitt engasjement på It`learning; dei skriv ein del meldingar. Viktig at ein er open med elevane at ein som foreldre kan logge inn og lese det dei skriv. Prate om nettvett. Rektor kan logge inn og sjå dersom ein mistenker uønska adferd. Viktig at elevane lærer kva som er greitt og ikkje greitt når dei er bruker slike media.
- Rektorhelsing kjem før haustferien.
- Aina tek ansvar for å sjå at alle nye 1.klasse foreldre er medlem av kull-gruppa; 2012 kullet Skodvin Montessoriskule og FAU si informasjonsgruppe på facebook; Skodvin Montessoriskule – FAU. Informasjon til føresette.
- Ein set opp møtedagar for FAU det kommande skuleåret; møteplan vert vedlagt til FAU sine medleamar.

Referent: Eli Sletten Solsvik